



Melding om vedtak

FED
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 08/1000-2

Dykkar ref.:

Arkiv: K1-203

Dato: 29.05.2008

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2007:12 OFFENTLEG INNKREVJING

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

28.05.2008 FORMANNSKAPET

FOR-063/08 Vedtak samrøystes:

Stranda kommune gir fylgjande høyringsuttale til NOU 2007:12 om Offentleg innkrevjing:

Vi har i dag ei skattebetalingsordning som fungerer svært godt og er brukarvennleg. Det betyr at det ikkje er grunn til å statleggjere skatteinnkrevinga.

Skatteetaten har ein svært høg løysingsgrad i forhold til innkrevjinga, med 99,5 % løysingsgrad. Finansdepartementet stadfestar også at innbetalingar for forskottstrekking og førehandsskatt) pr. 30.06.2007 utgjorde 99,7 % av dei fastsette krava for inntektsåret 2006. Og innkrevjinga er ikkje avslutta pr. 30.06. 100 % innkrevjing er urealistisk mellom anna pga selskap blir avvikla eller går konkurs eller at skattekrava er omtvista.

Skatteoppkrevjarinstruksen seier at det skal takast omsyn til skuldnaren sin situasjon og at tvangsdekning kan utsetjast der sterke sosiale omsyn tilseier det (§ 4-4).

Adgangen til tvangsdekning blir avgrensa av mellom anna dekningslova (§ 2-7), Skattebetalingslova (§ 32.4), Gjeldsordningslova, tvangsfullbyrdslova (§§ 4-18 og 7-10), Skattebetalingslova (§ 40a) og Dekningslova (§ 5-10). Desse avgrensningane vil også måtte gjelde ein eventuell statleg innkrevjingsetat.

Utvalet har ikkje dokumentert at det er effektiviseringsgevinster å hente på samordning av innkrevjing gjennom statleggjering av innkrevjinga.

Skatteinnkrevjinga i Norge er svært god og mellom dei beste i verda. Ein hovudgrunn til at resultatene ikkje er endå betre, er eit stor tal på skjønnslikningar og skjønnslikna skattar er vanskelegare å innkreve. Dette forholdet vil også gjelde ein statleg innkrevjingsetat.

Skatteinnkrevjing er ei oppgåve som ikkje eignar seg for sentralisering. Grunnane til dette er fleire:

- Dei gode resultata som skatteoppkrevjarane oppnår heng saman med nærleik og tilgjenge
- Skatteoppkrevjarane har inngåande kjennskap til arbeidsgjevarmassen/ lønnstakarar og kan ut frå det velje hensiktsmessige verkemidlar
- Skatteoppkrevjarane kjenner skatteytarane og kan lettare differensiere innkrevjingstiltak
- Undersøking viser at små kommuner har tilnærma like gode resultat som store kommuner

Fleirtalet i utvalet peiker på samordningsgevinst, men overser at det alt pr. i dag foreligg samordning på skatteinnkrevjingsområdet.

Samordning av innkrevjinga vil også kunne vere til ulempe for grupper av skuldnarar. Vi kan ikkje sjå at den foreslåtte strukturen representerer meir samordna og enhetlig opptreden frå det offentlege i forhold til skuldnarane. Forslaget kjem noko i konflikt med målsettinga om brukarvennlegheit.

Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora utøver god brukarservice. Undersøking viser at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora skårar langt betre enn dei statlege kontora når det gjeld tilgjenge, kundebehandling, saksbehandlingstid, informasjon og forutseieligheit i saksbehandlinga.

Dei kommunale skatteoppkrevjarane sine tenester er orientert mot brukaraen. At dei er tilstades i kommunen og nærmiljøet, er kontaktskapande. Samtidig er dei tilgjengeleg på kontoret, pr. post og telefon.

Det er ikkje påvist at ein statleg etat med enkelte regionale kontor, kan ha betre lokalkunnskap eller kjennskap til skuldnarane enn dagens skatteoppkrevjarar.

Gjennom å vere nær er skatteoppkrevjarane godt egna til å ta vare på brukarane sine behov i alle steg av innkrevjingsprosessen.

Felles statleg innkrevjing føreset etter det vi kan sjå, eit felles register for den nye innkrevjingsetaten samla i eitt elektronisk register. Utvalet har ikkje behandla spørsmålet om lovgrunnlag og eventuell konsesjonsplikt for eit slikt register.

Ei viktig moment er at kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga vil vere med og oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyret. Norge har slutta seg til ”The European Charter of local Self-Government” som mellom anna føreset at det lokale forvaltningsnivået skal vere delfinansiert med skatter og avgifter som stammer frå lokal verkesemd og innan gitte rammer, blir fastsett lokalt. For at desse forutsetningane skal kunne overhaldast i praksis, er det viktig å oppretthalde kommunalt ansvar for den samla skatteinnkrevjinga. Plasseringa den kommunale skatteoppkrevjaren har i innkrevjingsløpet, mellom det lokale næringslivet og innbyggjarane, gir nærhet til eige næringsliv og innbyggjarar.

Utvalet sitt framlegg vil gjere at skatteoppkrevjarane mister dagens namsmynde.

Distriktsomsyn tilseier framleis kommunal skatteinnkrevjing. Dagens skatteoppkrevjarmodell gir betydelege og positive distriktpolitiske effekteter. Dersom den tyngre innkrevjingskompetansen forsvinn frå skatteoppkrevjarkontora, er det større sannsynlegheit for at det må brukast private inkassobyrå på kommunale krav.

Statleggjering av innkrevjinga vil føre til:

- Sterk sentralisering
- Provenytap for kommunar
- Innkrevjingsmiljøet i kommunane blir svekka
- Kommunale oppgåver blir overført til staten
- Kommunalt sjølvstyre blir svekka
- Omlegginga vil føre med seg store overgangskostnader

Med helsing

Kathrine Engeset Sánchez
sekretær